

SKL svarar på spørsmål om senking av Mannsvatn.

08.06.2016



Mannsvatn med Ulvanåso i bakgrunnen

På uskedalen.no vart det 02.06. stilt nokre spørsmål om nedsenking av Mannsvatnet i samband med bygginga av Tverrelva kraftwerk. No har vi motteke svar frå SKL som de kan lesa nedanfor. Først kan det sikkert vera greitt å lesa spørsmåla som vart stilt, og dei finn de [her](#).

Me viser til innlegget om senking av Mannsvatnet som var publisert på «Uskedalen.no» den 2. juni i år.

Den omtala søknaden gjeld avgrensa løyve til mellombels senking av Mannsvatnet i perioden 1. august til 30. oktober 2016, for å utføra naudsynt anleggssarbeid knytt til rehabilitering/istandsetting av eksisterande dam i høve motteken konsesjon. Førespurnaden og «rekkefylgja», fylgjer vanleg praksis. Søknaden er ein enkeltførespurnad, og det er elles ikkje noko uforutsett eller uvanleg i søknaden.

Mannsvatnet er eit næringsfattig (mesotroft) vatn med lite utvikla vassvegetasjon. Aurebestanden i vatnet må reknast som småvaksen og overfolka. Ingen andre viktige ferskvasssførekomstar er kjent frå Mannsvatnet (ref. Biologisk mangfaldsrapport, opprinnelig konsesjonssøknad). Nedtapping av Mannsvatnet som omsøkt kan påverka nærings- og gytetilhøva for auren. I ein overfolka og småvaksen aurebestand som i Mannsvatnet vil redusert gyteareal/-tilkomst ikkje nødvendigvis vera negativt i høve til fiske. Det må reknast at landskapsopplevinga av området, mellombels vil verta noko forringa i perioden når anleggssarbeidet og nedtappinga pågår.

For ordens skull vert det opplyst at Tverrelva kraftwerk fekk konsesjon til regulering av Mannsvatnet med 1 meter, den 23. april 2014. I søknaden vart det rådd til å rehabilitera ein gamal dam i Mannsvatnet, i samband med 1 m regulering. Reguleringa er innanfor naturlege vassstandsvariasjonar, og dessutan ei vidareføring av ei regulering som var gjeldande fram til tidleg på 1970-talet. Dammen vart opphavelig bygd som reguleringsanlegg for eit kraftwerk som var i drift frå 1944 til tidleg på 70-talet («Kjærlandsverket»).

Mvh

SKL
Jan Petter Myhre
Kommunikasjonssleiar

Foto: Ståle Eik
Nett: Thor Inge Døssland